

1 Det hastar med tak på utleige av mjølkekvote

2 Kvoteordninga for mjølk er eit viktig verkemiddel for å regulera mjølkeproduksjonen i Norge.
3 Likevel er det ei utfordring for mange å få tak i nok kvote. Kor mykje kvote ein har kan vera
4 avgjerande når ein skal bygge nytt fjøs, noko mange må gjera framover grunna
5 lausdriftskravet.

6 Mange er usikre på om dei vil investera i lausdrift, eller leggja ned drifta. I Noreg har me eit
7 breitt politisk mål om landbruk i heile landet. Skal me klara det må me bremsa
8 nedleggingstakta.

9 Eit verkemiddel er å sørnga for tilgjengeleg kvote til dei som ynskjer å satsa. I dag kan
10 personar som ikkje aktivt driv mjølkeproduksjon leige ut kvote til andre. Senterungdommen
11 ynskjer å redusera omfanget av dette ved å setje tak på kor lenge kvote kan leigast ut. For å
12 sikra at kvoter fortrinnsvis blir eigd av dei som sjølv er aktive produsentar vil me innføre eit
13 tak på 5 år for utleige av kvote.

14
15 Leige til eige ordning for bustad gjer det lettare for unge å koma inn på bustadmarknaden.
16 Senterungdommen ynskjer å utgreia ei liknande løysing for unge som ynskjer å kjøpe
17 mjølkekvote. I dag må mange ta svært store lån for å kunne kjøpe seg kvote, noko som ofte
18 kjem på toppen av anna lån.

19
20 På gardar der det ikkje er mjølkekvote frå før er det ikkje moglegheit til å kjøpe kvote, og
21 derfor ikkje moglegheit til å starte opp med konvensjonell mjølkeproduksjon. Det må opnast
22 for at gardar med driftsgrunnlag for mjølkeproduksjon kan få kjøpe mjølkekvote.

23
24 I Hurdalsplattforma står det at regjeringa vil «vurdere tiltak for å redusere kvotekostnadar og
25 redusere delen leigekvoter». Senterungdommen meiner det er viktig å ta eit raskt grep om
26 desse problema. Det er per i dag mange som ynskjer å kjøpa kvote, men lite kvote for sal.
27 Om me ikkje handlar no risikera me at fleire vel å leggja ned drifta si på bakgrunn av
28 manglande kvote.

29 Senterungdommen vil:

- 30 ● Innføra tak på 5 år for utleige av mjølkekvote. Dersom eigaren av kvota ikkje
- 31 sjølv skal produsera mjølk må kvota seljast
- 32 ● Utgreie moglegheitene for ei leige til eige ordning på mjølkekvoter
- 33 ● Gjere det mogleg å kjøpe mjølkekvote for dei som ynskjer å starte med
- 34 mjølkeproduksjon der det ikkje er kvote på bruket frå før

35 Ås Senterstudentar, Hordaland og Oppland

36

37